

Julekonsert

Kvinnherad kyrkje
Tysdag 22. desember kl: 19.00

Marianne Juvik Sæbø
med pianist Terje Kleppe

Organist Eva Megyesi

Rosendal musikklag med sine solistar

Det har vore mange flotte julekonsertar no i adventstida, og dei har vore svært godt besøkt. Og for dei som ønskjer meir av den gode julestemninga desse skaper, er det ein ny mulighet i Kvinnherad kyrkje tirsdag kl.19. Då arrangerer Rosendal musikklag sin konsert med den velkjende og dugande sognfuglen Marianne Juvik Sæbø frå Askøy som gjest.

Marianne Juvik Sæbø har også samarbeidd med fleire andre korps om dette julekonsertkonseptet, og ho var i Rosendal første gong i fjor. Det vart ein suksess då ho song saman med både korpset og pianisten sin Terje Kleppe. Derfor er ho tilbake i år. Kleppe er også med.

Rosendal musikklag, der Bjørn Naterstad og Gunnvald Friheim spelar, vil også ha eigne nummer. Dei vil også presentera eigne solistar i si avdeling under leiing av deira faste dirigent, Yngve Nikolaisen. Dessutan vil den dugande kantoren vår, Eva Megyesi, vera med.

Det er førehandssal av billetter hos Fredheims Blomster, og billettprisen er 200,- for vaksne og 50,- for dei under 16 år.

Konserten vert heilt sikkert ei flott oppleving tett oppunder julehøgtida.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Plakat(utsnitt): Rosendal musikklag.